

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kjerringøy.

Emne: Tru og segner ikring jeger og jaktstyr.  
Bygdelag: OS.

Oppskr. av: E. Tidemann.

Gard: Stranda.

(adresse): Kjerringøy.

G.nr. 46. Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter heimelsmenn.

## SVAR

Her i bygda har det ikkje vore drive jakt på anna dyr enn hare og kobbe. Haren hoppar ikring på landjorda medan kobben held seg til havet, der det vart drive jakt på dyret mellom holmar og skjær. Men liten tydnad har veidinga hatt som næring anten det så var på sjøen eller landet. Då har eg som ein tokke om at veidinga på kobben har hatt større tydnad enn veidinga på småvilt, hare og rype.

A. Av rovdyr er reven det mest vanlige, men ein og annan gongen kan det reke ein jerv. Om her har vore ulv og bjørn veit dei no livande ikkje neke om. Her er ikkje segner om dei dyra. Men at her har vore bjørn vitnar stadnamna om. Såleis har vi her i bygda både Bjørnhollet og Bjørnakevann. Men ingen veit neke søge om det dyret.

Elg og villrein har her ikkje vore det folk veit om. Her har nok vore rein, men det var finnane som åtte den. Elgen er komen til bygda på dei siste 10-15 åra, så no er her ein liten flekk på 8 a 10 dyr. Men det dyret er førebels totalfreda.

Så er det veidinga på skegsguglane, rypa og ørrfugl. Det har det vore drive neke veiding på, men ikkje så mykje at det har skapa nokon tradisjon. Folket har drive sjøen og halde seg til det yrket som næring.

Etter det som eg her har sagt vert det ikkje så særleg mange spørsmål i spørjelista eg kan gjeva svar på.

1. Nei her er ikkje uskrivne lover før veiding eller forteljingar av neke slag.

2. Fell bort.

3. Folkemeininga har vore at dyr og fuglar skulle ha heilgedagsfred dei like så vel som menneskja.

4. Her har ikkje vore nokon regel i så måte.

5, 6 og 7. Her er ingen tradisjonar om nokon av desse spurnadene.

8. Nei, Det er heilt ukjend.

9. Ukjend.

10. Nei, ingen har høyrd neke om slikt.

11. Som unge har eg eit minne om ein bjørnelabb. I grenna der eg vaks opp levde då ein eldre mann som i sine yngre år hadde vore bjørneskjotar. Han hadde då ein bjørnelabb. Det eg særleg minnest er dei lange digre klørne. Men om denne bjørnelabben ~~XXXXXX~~ vart bruka til neke særskild høyrde eg ikkje om. Her i bygda er ikkje segner om neke slikt.

12. Her i bygda er ikkje segner om ulv. Frå heimbygda mi Meløy på Helgeland, har eg nokre segner om ulv, Varg. Men

han vart borte før ikring 100 sidan. Mi farmor var fødd i 1826. Då ho vaks opp var vargen mykje plagsam, og kvar dyreeigar måtte gjete sin buskap. Då ho var 12 ÷ 14 år hadde ho handteinen med i gjætlemarka og spann hamp med åra kvilde. Ein gong kom vargen og tok ei geit. Farmor sprang til med handteinen, fekk tak i geitehorna og banka laus på vargen med handteinen. Og så kjapt slog ho at vargen måte sleppe taket i geitelåret som han hadde bite seg fast i. Han flekte tønner, men då han hadde fått eit par rapp over bakparten, russla han til fjells. Geita var berga.

Om nokon skaut eller på annan måte fanga varg hadde ho ikkje kjennskap til. Ingen hadde børsa. Kvar fekk verne seg sjølv og krøttera som best han kunne.

13. Bjørnen hadde neppe vinterlæger nokon stad i den luten som no er Meløy fjerding, men derimot ein stad aust for Svartisen. Våren og forsumaren teide han seg først i Rana og i Glomfjord. Frå Glomfjord kom han over til Bjævangfjord og Holandsfjord. Mine foreldre og besteforeldre hadde mange bjørnesoger å fortelle, men eg høyrde ikkje om at bjørnen nokon gong var godsleg og hjelpsam. Eit einaste drag i den retning var ei søge mi farmor fortalde. Ho fortalde at ho som ung jente var på veg mellom grenene Størvik og Holand i Holandsfjorden. Fjeldsida var mykje sundskåre av vatn, is og snøskride. Vi nemde desse furene i lida for ein rendal. Profilen i desse rendalane likna på ein V. Farmor skulle over ein slik rendal. Ho samla skjorta om seg og sklidde på baken ner over eine sida. Då kom ein bjørn sklidande på sin bak ner andre sida. Dei møttest i Botnen av rendalen. ~~XXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXX~~  
~~XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX~~. Kven som skreik hogst gjenta eller bjørnen det kunne ho ikkje seie neke om. Men bjørnen kasta seg til side, fekk beina under seg og vart borte i småskogen ner gjennom rendalen.

Far min og den eldre bror hans, han Albert, Gjette buskapen inst i Bjævangdalen. Der har Svartisen lagt frå seg nokre store steinar, store som hus, Ved hjelp av ein bjerkstrange hadde desse to gutane kome seg opp på ein slik stein og gav seg til å kaste småstein mot ei bjerk nedanfor. Dei hadde ikkje halde på lenge før ein bjørn kom fram unda steinen. Bjørnen russla ein 10-15 m nerover bakken, satte seg på baken og såg opp på gutane. Han sat og vera, d.v.s. drog ver, ei lita stund, så russla han han i veg og vart borte i skogen. Bjørnen hadde lege og sove under steinen, fann dei ut seinare.

14. Kom bjørnen til buskapen ute i gjætlemarka kunne gjævaren jage bjørnen ved å huje, rope og skrike. Før å halde bjørnen borte frå seteren og buskapen blåste dei i lur. Lurtenen lika han ikkje. Men derimot skulle han like å høyre bjølleklang. Det vart fortald at ein mann mista bjøllegeita ein sumar. Ho var som søkken i jorda. Dei leita men fann ho ikkje. Sumaren etter var han i løypskog og flekte næver til støvetaket sitt. Då får han med eit høye geitebjølla ringle ikkje lant unda. Mannen blir glad for å finna geita si att og går etter bjøllen frå bjølla. Men denne glede vert neke skipla då han får sjå ein bjørn sitjande på te oppreist som ein mann med bjølla mellom framlabbane, ringlar og legg hovudet til ymiss side, ser glad og velnøgd ut. Mannen rekna med at det var bjørnen som hadde tatt geita, ete skrotten, men gøymt bjølla. No hadde han leita ho opp og leika seg med den, Kom bjørnen til grindane nattes tid bruka dei å jaga han med varme. Mi eldmer, far si farmor, jaga bjørnen fleire

gonger frå grindane med brennande næver på ein stav. Ho var sætertaus i Bjæringen i fleire år.

29) Ikring 1840-50 var bjørnen mest som eit husdyr i grendene både i Glomfjord, Bjærangfjord og Holandsfjord. I Bjæringen var bjørnen ei mørk haustnatt og tok ei geit som stod bunden i stueveggen. I Glomfjord vart to bjørnar tatt livet av nær på fjorden. Den eine vart sett av to menn som var nere på fjorden med juksa etter kokfisk. Dei får sjå noko som sym inne på fjordbotnen. Dei rør til og då dei kjem nærare ser dei det er ein bjørn. Dei har ikkje børse ikkje ein gong kniv eller øks i båten, men derimot ei nokså lang fest i framstammen. Denne tek dei og laga rennelykkje på eine enden og festar den andre enden til framstammen på båten. Dei får rennelykkja over hovudet på bjørnen som sym undan båten. Då det var gjort satte dei seg bae i årane og til å båtsre karen. Hovudet kom under vatslekket og bjørnen ~~XXXX~~ drukna. Då dei flådde ~~X~~ skroten såg dei at to av klørne på eine framfoten var nyleg riven av og eine hyrnetanda var broten inne ved rota. Dei skyna då at bjørnen hadde kome ner over Fykanfossen og ville ha klørane seg fast i eit eller anna, men i farten hadde både tenner og klør slitna.

Den andre bjørnen som vart slegen i hel på Glomfjorden vart tatt av to gutar, den eine 13 år og den andre 15. Denne sega har eg fra mannen som var 13 år den gongen. Han fortalde meg hendinga i 1903. Då var han ikring 60 år. Dei to gutane låg og fiska på søre sida av Glomfjorden. Landet er brattlendt, og der gutane låg går floget ende beint i sjøen. Då får dei sjå ein halvvakse bjørn på ei lita hylle opp i berget ein 8-10 m frå flomålet. Den eldst guten som sat med juksa drog denne opp og dei la ~~XX~~ seg til nedanfor og granska bjørnen. Veret var stilt og fjorden låg blank som ein spegel. Bjørnen lika nok ikkje at han vart niåstirra på. Han reis på to, slog framlabbane saman, flekte tenner og skreik mot gutane. Men dei helåt seg roleg i båten. Dette lika nok ikkje bjørnen. Han prøvde så å røme opp over floget, men dette var bratt og glatt, han mista fotfeste og ramlap på sjøen. Han tok til å symje innover fjorden fram med ~~XXXX~~ landet for å finne ein stad å lande. "Skal vi ta han?" sa den eldste av gutane. "Vi får prøv," sa den yngste, som sat med årane. Den eldste stilla seg i framskotten med den sterkaste åra til vers. Den yngste hamla etter bjørnen. Men så snart symde denne at det var berre så vidt han klarte å halda lag med bjørnen. Guten i framskotten slog, åra brotna, men ei ny vart tatt, og slaga helåt fram. Eit stykke inn gjer berget ein bøy og går ut i sjøen som ein ødde. Innanfor er det meir flatlendt, så kom bjørnen seg dit var han berga. Det måtte ikkje henda. Guten som redde la seg meir på årane. Då bjørnen såg at han ikkje kom fram om båten om ødden, vende han seg mot båten. Han fekk først den eine labben opp på båtripa og så den andre. No galåt ~~XX~~ at båten ikkje velta, og bae gutane til å bae på bjørnehovudet. Årane brotna og til slutt tok yngsteguten båtstyret, og den jarnkroken i dette vart nok det beste våpenet deira. Til slutt sig bjørnen av båtripa, går rundt i sjøen som vert raudfarga av blod. Bjørnen er død. Men i båten var ikkje ei heil åra. No først vart gutane redde. Det hadde dei ikkje hatt tid til før.

19) Den siste bjørne som vart tatt i Meløy var skoten av to menn frå Holandsfjorden, Han Samel frå Kilvika og han Hans frå Refflata. Ein fin sunadag drog desse to ka-

rane til fjells og innover Svartisen. Dei hadde ski og føret var godt. Inne på fjellet kom dei til ei snøberr li med fint grønt gras. Denne lia granska dei nøye. Dei kom til ein rondal ikring 50 m breid. Dei gjekk oppover på eine sida, og på andre sida fekk dei sjå ein halvaksen bjørn som gjekk og åt gras i lia. Karane la seg godt til rette og skaut. Bjørnen stupte ~~XX~~ ved først skotet. Dei kom seg over rondalen, og fram til den daude bjørnen. Dei legg skrotten godt til rette. "Ja, Hans, no får du ~~XX~~ flå som har kniv," sa han Samel. "Nei, det får du gjer. Eg har ikkje kniv," meint Hans. No synte det seg at ingen hadde tatt med kniv, og dei måtte bære skrotten heim. "Det var tungt, men det gjekk," sa han Samel, som fortalde meg søga i 1908.

Om 15 til 28 veit eg ikkje noko å fortelje.

30. Her i bygdå har det ikkje vore noko innsig av rovdyr etter den andre heimskrigen. Heller ikkje kan vi snakke om noko nytt innsig i dei seinare åra heller.

Kjerringøy i juni 1961.

*K. T. Ademann*